

Notat 2003–5

Evaluering av kommunale tilskot til landbruket i Sirdal

Torbjørn Haukås
Heidi Knutsen



Tittel	Evaluering av kommunale tilskot til landbruket i Sirdal
Forfattere	Torbjørn Haukås, Heidi Knutsen
Prosjekt	Evaluering av kommunale tilskot til landbruket i Sirdal (A873)
Utgiver	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
Utgiversted	Oslo
Utgivelsesår	2003
Antall sider	44
ISBN	82-7077-505-3
ISSN	0805-9691
Emneord	Sirdal, kommune, evaluering, landbruk, tilskot

Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettetnemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskningene i jord- og skogbruk.
- Gir ut rapporter fra forskning og utredning. Utvikler hjelpebidrifter for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres over Landbruksdepartementets budsjett, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) har på oppdrag frå Sirdal kommune evaluert ordninga med kommunal støtte til landbruket i kommunen. I denne evalueringa har ein vurdert kva resultat kommunen har oppnådd med støtta opp mot dei målsetjingane som ein har i regelverket for ordninga. Hovudmåla for landbruksstøtta i kommunen er å sikre eksisterande arbeidsplassar i landbruket og utvikle nye med tanke på å oppretthalde og auke busetjinga i alle grendene. For skogbruket er målet å utvikle dette til eit gardsskogbruk. Det er også knytt krav til at det vert teke omsyn til natur, miljø og kulturlandskap under planlegging av tiltak.

Evalueringa er utført gjennom bruk av statistikk frå kommunen, Statens landbruksforvaltning og landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Vest-Agder. Det er også sendt ut spørjeskjema til samtlege bønder som mottek produksjonstilskot i kommunen. I tillegg er det gjennomført intervju med i alt 14 personar. Det er bønder, representantar for næringsorganisasjonane, reiselivet, kommunen og personar med kommunale verv tilknytta forvaltinga av desse midlane.

Torbjørn Haukås har vore prosjektleiar og har saman med Heidi Knutsen gjennomført prosjektet og skrive rapporten.

Vi vil takke alle bøndene i Sirdal som har svart på spørjeundersøkinga, og dei som velvillig stilte opp til intervju. Ei takk også til Sirdal kommune for eit interessant oppdrag og for godt samarbeid gjennom heile prosjektperioden.

Oslo, januar 2003

Leif Forsell

Innhald

	Side
1 INNLEIING	1
1.1 Bakgrunn	1
1.2 Målsetting	1
1.3 Metode	2
1.4 Formål og regelverk for den kommunale støtta til landbruket	2
1.4.1 Tilskotsformer	2
1.4.2 Krav til bruk, eigar m.m.	3
1.4.3 Endringar i regelverket	3
1.5 Avgrensing	3
2 LANDBRUKET I SIRDAL	5
2.1 Ringverknader av landbruksdrifta i kommunen	6
3 UTBETALING AV KOMMUNAL STØTTE TIL INVESTERINGAR I JORD- BRUKET I SIRDAL I PERIODEN 1992–2001	7
3.1 Utbetalingar til landbruket 1992–2001	7
3.2 Oversikt over utbetalingar til investeringstiltak, tal frå landbrukskontoret i Sirdal	8
3.3 Oppsummering	10
4 SAMANLIKNING MED ANDRE KOMMUNAR	13
5 SPØRJEUNDERSØKING	17
5.1 Generelt om bruka som har svart	17
5.2 Kor viktig er den kommunale støtta til landbruket for bøndene i Sirdal?	19
5.3 Kor viktig har kommunal støtte vore for dei som har fått utbetalte slik støtte dei siste 10 åra?	20
5.3.1 Gjennomføring av tiltaka	20
5.3.2 Kor viktige har tiltaka vore for produksjonsopplegget på bruka?	21
5.3.3 Arbeidsmiljø	21
5.3.4 Konsekvensar for miljø og kulturlandskap	21
5.4 Ringverknader	21
5.5 Forskjellar mellom ulike grupper av bruk	22
5.5.1 Storleik	22
5.5.2 Geografisk plassering	22
5.5.3 Alder på brukar	23
5.6 Oppsummering av dei utfyllande kommentarane frå spørjeskjemaet	23
6 INTERVJUUNDERSØKING	25
6.1 Oppretthalde/auke landbruksproduksjonen	25
6.1.1 Korleis har kommunal støtte påverka landbruksproduksjonen i Sirdal?	25
6.1.2 Nyanlegg med kommunal støtte blant informantane	26
6.1.3 Kor viktig har støtta vore for gjennomføring av nyanlegget?	26
6.1.4 Påverknad av dagens produksjon	26
6.1.5 Rekruttering	26
6.2 Busetting	27

	Side
6.3 Miljøkonsekvensar	27
6.3.1 Avrenning frå bruket.....	27
6.3.2 Arbeidsmiljø	27
6.3.3 Kulturlandskapet i kommunen.....	28
6.3.4 Kulturlandskapet i høve til eigne tiltak	28
6.4 Framtidige ønske for den kommunale landbruksstøtta	28
6.4.1 Viktigaste tiltak det vert gjeve støtte til	29
6.4.2 Nye tiltak under støtteordninga.....	29
6.5 Ringverknader av støtta for anna næringsliv i kommunen	29
6.6 Uheldige verknader av kommunal støtte.....	30
6.7 Andre kommentatar.....	30
6.8 Synspunkt frå reiselivsnæringa	31
6.9 Synspunkt frå administrasjonen i kommunen	31
6.10 Eigne kommentatar	32
7 OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	33
7.1 Landbruksproduksjon i kommunen.....	33
7.2 Busetting i kommunen	33
7.3 Unge bønder/rekruttering	34
7.4 Natur, miljø og kulturlandskap.....	34
7.5 Ringverknader	34
7.6 Konklusjon og forslag til strategi framover for kommunen.....	34
LITTERATUR	37
VEDLEGG 1 SKJEMA FRÅ SPØRJEUNDERSØKINGA	39

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Sirdal kommune har gjennom ei årrekke gjeve kommunale tilskot til ulike tiltak i landbruket. Ramma har gjennom dei siste åra variert mellom 1,2 og 2,9 mill. kr for kommunal støtte til landbruket. Dette omfattar støtte til jordbruk, skogbruk og dei seinaste åra støtte til kjøp av mjølkekvote. Politikarane i kommunen ønskete å få sikre svar på kva effekt ein har av midlane, og har gjennom kommunestyrevedtak bede om å få gjennomført ei evaluering.

Regelverket for kommunal støtte til landbruket har vore endra mange gonger opp gjennom åra, seinast 15. juni 2000 med ei presisering i oktober 2002. I hovudsak har det ikkje vore så store endringar med tanke på kva tiltak det er blitt gitt tilskot til. Nokre tiltak har gått ut, medan nye tiltak har komme inn på lista over tiltak med kommunal støtte.

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) fekk oppdraget med evaluering av den kommunale støtta til landbruket. Evalueringa omfattar tidsperioden 1992–2001. Arbeidet er gjennomført andre halvår 2002.

1.2 Målsetting

Formålet med dette prosjektet er å evaluere ordninga med kommunale tilskot til landbruket i Sirdal. Det viktigaste har vore å undersøkje i kva grad kommunen har oppnådd måla sine ved bruk av kommunale tilskot til landbruket.

Aktuelle problemstillingar har vore:

- Kva mål har kommunen med tilskota?
- I kva grad er måla nådde?
- Kva hadde skjedd i næringa utan kommunale tilskot?
- Kva er rett strategi vidare framover?

Måla til Sirdal kommune er definert gjennom regelverk for kommunal støtte til landbruket. Vi har konsentrert oss om å vurdere i kva grad desse måla er nådde. Korleis landbruket i Sirdal hadde vore i dag utan desse støtteordningane, har vi også prøvt å finne svar på. Evalueringa vil også til ein viss grad gje svar på kva som vil vere rett strategi for Sirdal kommune framover.

1.3 Metode

I denne evalueringa er det nytta data fra Sirdal kommune der ein har gått gjennom og systematisert materialet med tanke på kven som har fått støtte, kva tiltak støtta er utbetalt til og kor mykje midlar det er brukt til ulike formål i perioden.

Det er også henta inn opplysningar om utviklinga i landbruket i kommunen i perioden, tal årsverk i jordbruket og endringar i produksjon, og det er henta inn opplysningar fra tilsvarende kommunar i indre Agder som har og som ikkje har liknande støtteordningar for jordbruket.

For å undersøke handlingsmønster blant bøndene er det sendt ut spørjeskjema til samlede bønder som har motteke produksjonstilskot, i kommunen. Dessutan er det føreteke djupne-intervju med eit utval bønder som har fått store tilskot frå kommunen i den aktuelle perioden. Dette er gjort for å kartleggje kva verknad den kommunale landbruksstøtta har hatt på landbruksproduksjon, busetting, natur og kulturlandskap m.m. I tillegg er det føreteke intervju med representantar for reiselivet, kommunen og næringsorganisasjonane i landbruket.

1.4 Formal og regelverk for den kommunale støtta til landbruket

Formålet med støtta står i «Regelverk for kommunal støtte til landbruket i Sirdal kommune» vedteke i kommunestyret 15. juni 2000.

«Formålet med de kommunale tilskuddsordningene til landbruket er å sikre de eksisterende arbeidsplassene i landbruket og utvikle nye med tanke på å opprettholde/øke bosetningen i de ulike grader. Det er også viktig å bidra til at unge etablerer seg innen landbruksnæringa. Hovedmålsetningen for skogbruket er å utvikle dette til et gårdssekogbruk. Det er samtidig et krav at det blir tatt hensyn til natur, miljø og kulturlandskap ved tiltakene»

1.4.1 Tilskotsformer

Det blir gitt kommunalt tilskot til mange ulike tiltak i Sirdal kommune. Etter endringa av regelverket i juni 2000 kan ein få tilskot til følgjande tiltak:

- A. Driftsbygning
- B. Reiskapshus
- C. Nydyrkning
- D. Grøfting
- E. Opparbeiding av kulturbeite
- F. Lukking og senkingsarbeid
- G. Landbruksvegar
- H. Skogkulturtiltak
- I. Etablering av juletre- og pyntegrønfelt
- J. Avlsarbeid
- K. Fellestiltak og andre tiltak.

Under dei ulike tiltaka er det igjen fleire inndelingar, spesifiseringar og avgrensingar. Vi vil her ikkje gå inn på alle desse detaljane, men vise til fullstendig regelverk utarbeidd av kommunen.

Det er også støtte til andre tiltak som ikkje kjem inn under dei budsjetterte tiltaka til landbrukskreditt i Sirdal. Eksempel på dette er tilskot til kjøp av mjølkekvote. Dette vert løyvd direkte av kommunestyret etter søknad.

1.4.2 Krav til bruk, eigar m.m.

Alle bruk som får produksjonstilskot i jordbrukskredittet, kan få kommunale tilskot. Kommunale tilskot blir berre gitt til personar busett i kommunen.

Tilskot etter punkt A og B blir berre gitt til eigar av bruket. Forpaktar eller leigetakar kan få tilskot etter punkt C, D, F og G etter godkjenning av eigar. Driftsavhengige tilskot blir gitt til den som er brukar i det aktuelle tidsrommet.

Det vert ikkje gitt kommunale tilskot til personar over 70 år, unntake tilskot etter punkt G og H.

Det skal ikkje ytast kommunale tilskot før ein har sjekka om det er høve til statleg finansiering. Når det gjeld tilskot til punkt H (skogkultur), følgjer ein dei retningslinjene staten har i forhold til arealstorleik m.m.

1.4.3 Endringar i regelverket

Det har vore gjort endringar i regelverket fleire gonger i løpet av den perioden NILF har evaluert. Vanlegvis har regelverket vore revidert kvart tredje år. Mellom anna har det vore endringar både i 1997, 2000 og ei presisering i 2002. I hovudtrekk har det likevel vore om lag same regelverket heile perioden. Støtte til enkelttiltak er komme til eller blitt kutta ut gjennom ulike revisjonar av regelverket. Eksempel på tiltak som er blitt borte, er tilskot til vatningsanlegg og til planering av dyrka mark.

1.5 Avgrensing

Det har vore gjeve kommunale tilskot til landbrukskredittet i Sirdal heilt sidan 1965. Den første ordninga var tilskot til sauehald i kommunen. Vi har avgrensa vår evaluering til perioden 1992 til 2001. I denne evalueringa har vi heller ikkje gått inn på verknad av tilskot til skogkultur/skogsvegar, juletre og pyntegrønt spesielt. Tilskot til mjølkekrotar, avlsarbeid og fellestiltak er heller ikkje vurdert. Ulike sider ved desse tilskota er likevel nemnde i kapittelet med intervju av utvalde bønder og andre med tilknyting til landbruksnæringa i Sirdal.

2 Landbruket i Sirdal

Jordbruket i Sirdal er prega av småskalajordbruk med mange relativt små einingar. Det er svært få store bruk der mesteparten av inntekta kjem frå jordbruket. I dag er det berre 4–5 bruk som har jordbruket som einaste inntektskjelde. Resten av brukna er deltidsbruk der brukarane har andre inntekter.

Det har skjedd store endringar i Sirdal som elles i landet, med tanke på utvikling i jordbruket. Vi vil her konsentrere oss om å sjå på det som er avvik frå den generelle trenden i norsk jordbruk.

Øvre Sirdal vart slege saman med Tonstad i 1960 til det som i dag er Sirdal kommune. I tillegg er ein del grender av det som var Bakke kommune i sør, komne til. På den tida var Sirdal ein fattig kommune. Kraftutbygginga som starta med utbygging av Finså først på 60-talet og heldt fram med Sira-Kvina utbygginga, har medført at Sirdal er blitt ein velståande kommune med store kraftinntekter. Kommunen har valt å bruke ein del av desse midlane til støtte for næringslivet. Konsesjonsavgifta frå kraftproduksjonen utgjer årleg om lag 14 mill. kr. Ein del av dette vert nytta til næringsfond. I tillegg er det årleg lagt inn i budsjettet ei støtte til ulike tiltak i landbruket.

Jordbruket er også blitt påverka av konsekvensane av kraftutbygginga. Det var stor trong for arbeidskraft til anleggsverksemda. Mange bønder var sysselsett i kraftutbygginga i anleggsperiodane. Konsekvensane av dette var blant anna at det vart tilført mykke midlar utanfrå til jordbruksfamiliane. Nokre valde å investere desse pengane i bruken. Eit anna resultat av at bøndene reiste på anlegg, var eit behov for å forenkle gardsdrifta arbeidsmessig når ein var mykke borte. Kutalet vart derfor redusert til det halve frå 1960 til 1980. Også talet på gris gjekk kraftig ned i løpet av anleggsperioden, hovudsakleg av nemnde årsaker. Sauetalet har derimot vore stabilt. Ein konsekvens av at så store deler av jordbruksbefolkinga var oppteke anleggsarbeid, var at jordbruket i Sirdal ikkje vart utbygt i same målestokk som på landsbasis i oppgangstida på slutten av 70-talet. Det hadde derfor samla seg opp eit investeringsbehov i Sirdals-jordbruket då nedgangen starta for alvor i jordbruket nasjonalt. På bakgrunn av dette har den kommunale investeringsstøtta vore viktig for landbruket i Sirdal.

Per juli 2002 var det 116 bruk som søkte om produksjonstilskot i Sirdal. I kommuneadministrasjonen estimerer dei omfanget av jordbruket i Sirdal til å vere om lag 124 årsverk. I følgje landbruksteljinga (SSB, 1999), var det 121 årsverk i jordbruket og 4 årsverk i skogbruket i kommunen. Sauehaldet omfattar flest bruk, om lag 90 søkte om produksjonstilskot

for sau i siste søknadsomgang. Talet på mjølkebønder er 24. Jordbruksarealet i kommunen er vel 12 000 dekar. Av andre produksjonar er det i dag 6 bruk med eggproduksjon og 2 bruk med gris. Fire produsentar driv økologisk, og omlagt areal er vel 500 dekar.

I mellomkrigstida var det stort geitehald i kommunen. Dette har i stor grad prega kulturlandskapet. I takt med avviklinga av geitehaldet har store areal grodd att. I dag er det ingen bruk med geitehald i kommunen.

2.1 Ringverknader av landbruksdrifta i kommunen

Jordbruket i Sirdal sysselset i dag om lag 121 årsverk og skogbruket 4 årsverk (SSB, 1999). I tillegg til dette kjem også ei rekke indirekte verknader som ikkje kjem fram i direkte statistikk over inntekt og sysselsetting. Landbruket er med på å skape aktivitet i ei rekke andre næringar i kommunen som t.d. varehandel, diverse industri, ulike handverkstenester, samferdsel og ulik offentleg og privat tenesteverksemd.

Det er gjort ein del arbeid tidlegare for å kartlegge storleiken på desse verknadene. På 70-talet vart det gjort ein studie i tre kommunar i Valdres (Fagerås, Hoffmann og Romarheim, 1975). Det har også vore utført ei undersøking av ringverknader i Alstadhaug kommune i Nordland i 2002 (Romarheim upubl., 2002).

Ringverknader per krone basislevering er definert som differansen mellom totale inntekter og inntekter på basislevering. Forholdstalet mellom total inntektsverknad og den direkte inntektsverknaden for jordbruk vert kalla *inntektsmultiplikator*. Inntektsmultiplikatoren for ei basisverksemd som til dømes landbruk, måler endringa i total inntekt som følger i eit område når ein endrar inntekta i vedkommande basisverksemd med ei eining. Denne er estimert til å ligge mellom 1,4 og 1,8 i tidlegare undersøkingar frå andre regionar (Fagerås m.fl. 1976 og Romarheim, upubl., 2002). Det vil seie at for kvar million kroner auka inntekt for landbruket, vil det medføre 1,4–1,8 million kroner i samla inntekt for kommunen/regionen totalt.

Sysselsettingsmultiplikatoren for ei basisverksemd måler endringa i total sysselsetting som følger i eit område når ein endrar sysselsettinga i vedkommande basisverksemd med ei eining. Sysselsettingsmultiplikatoren er sett til mellom 1,2 og 1,3 for landbruket i undersøkinga i Valdres (Fagerås m.fl., 1976) og til 1,6 samla for primærnæringane i Alstadhaug (Romarheim upubl., 2002). Det vil seie at kvart årsverk i landbruket genererer mellom 1,2 og 1,6 årsverk totalt i regionen/kommunen.


Det er ikkje gjort tilsvarande undersøkingar for Sirdal kommune, men det er grunn til å rekne med at forholda ikkje er så ulike dei vi finn elles i landet. Overfører ein resultata frå andre regionar til Sirdal, vil 125 årsverk i landbruket medføre mellom 150 og 200 årsverk totalt for kommunen.

Det finst få undersøkingar av nyare dato med kvantifisering av indikatorar. Korleis desse indikatorane har utvikla seg over tid, er derfor vanskeleg å vurdere. Har til dømes landbruket hatt større produktivitetsauke enn andre næringar over tid, kan det vere at multiplikatorane har auka for landbruket samanlikna med andre næringar (Romarheim, 2002).

3 Utbetaling av kommunal støtte til investeringar i jordbruket i Sirdal i perioden 1992–2001

3.1 Utbetalingar til landbruket 1992–2001

I følgje rekneskap frå kommunen har det vore utbetalt kr 13 967 322 til jordbruk og kr 4 209 967 til skogbruk i tiårsperioden. I tillegg har det vore løyvd kr 250 000 til kjøp av mjølkekvote både i 1999 og i 2001. Til saman er det i følgje rekneskapen utbetalt kr 18 677 289 i tiårsperioden.




Figur 3.1 Kommunale tilskot til landbruket i Sirdal 1992–2001

Vi ser av figur 3.1 at det har vore store variasjonar i utbetalingar av tilskot til landbruket i perioden. Høgaste sum er utbetalalt i 2000 til jordbruk med kr 2 103 639 og lågast i 1998 med kr 745 768. Skogbruket har høgast utbetaling i 1992 med kr 1 027 791 og lågast i 1995 med kr 243 252.

3.2 Oversikt over utbetalingar til investeringstiltak, tal fra landbrukskontoret i Sirdal

Landbrukskontoret i Sirdal har sett opp ei detaljert oversikt over enkeltbruk som har fått utbetalalt kommunal støtte til investeringar i perioden 1992–2001. Tala i dette kapittelet er henta frå det oppsettet over utbetalingar som landbrukskontoret har sett opp. Dei er ikkje kvalitetssikra, det er derfor ein del utbetalingar som manglar. Nokre av dei tiltaka det er løyvd pengar til, er kanskje ikkje gjennomførte. Av støtte til skogbruket, er det berre utbetalingar til skogsvegar som er med i oversikta. Heller ikkje tilskot til kjøp av mjølkekvote eller utbetalingar til avlsarbeid er med i oversikta.

I følgje listene er det 89 personar som har fått utbetalalt communal støtte til i alt 276 ulike investeringstiltak. Summen av støtte til enkeltiltak i løpet av perioden er kr 10 176 765 for dei tiltaka som er med i oversikta frå landbrukskontoret. Rekneskapen i kommunen viser at det er løyvd totalt kr 18 677 289 i tilskot til landbruket i same perioden. Det er derfor berre om lag 54 % av dei totale utbetalingane som er med i den detaljerte oversikta.




Figur 3.2 Oversikt sum av tilskot til enkelttiltak frå detaljoppgåve og over sum utbetalte tilskot frå kommunen 1992–2001 samt trendlinje for sum utbetalingar over perioden

Sjølv om ikkje alle enkeltutbetalingane er med i detaljoversikta, gjev ho likevel ei god oversikt over kva det er utbetalalt tilskot til, og kor store tilskota har vore.


Dei ulike tiltaka er grupperte etter kva type tiltak det er:

- Driftsbygningar, nybygg og utbetring av eksisterande bygning
- Reiskapshus
- Nydyrkning
- Kulturbete
- Grøfting
- Planering
- Lukking av bekk eller grøft
- Veg, jordbruk
- Veg, skogbruk
- Veg, støl.



Figur 3.3 Utbetalingar i perioden 1992–2001

Figur 3.3 viser utbetalingar til ulike typar tiltak i perioden. Høgaste beløp er det utbetalt til driftsbygningar og nydyrkning, rett i underkant av kr 3 500 000 for kvar av dei i sum for perioden.



Figur 3.4 Tal tiltak i perioden 1992–2001

Figur 3.4 viser kor mange tiltak det har vore utbetalingar til for dei ulike typane av tiltak. I alt er det registrert 75 ulike tiltak med nydyrkning. Deretter kjem driftsbygningar med 42 tiltak.

Tabell 3.1 Gjennomsnittleg utbetaling per tiltak for ulike tiltak, 1992–2001

	Tal tiltak	Utbetalt i gj. pr. tiltak
Driftsbygning	42	83 165
Reiskapshus	17	60 335
Nydyrkning	75	46 497
Veg, støl	3	40 377
Kulturbete	15	27 173
Lukking	26	17 630
Planering	13	17 331
Veg, jordbruk	28	15 256
Veg, skog	29	12 562
Grøfting	28	5 964

Om ein ser på gjennomsnittsutbetaling per tiltak, er det ikkje uventa, driftsbygningar som har fått mest per tiltak. Deretter kjem reiskapshus og nydyrkning. Grøfting har lågast gjennomsnittleg utbetaling per tiltak.

3.3 Oppsummering

Mesteparten av midlane har gått til driftsbygningar og nydyrkning i siste 10-års perioden. Desse to formåla har teke 2/3 av samla løvyingar i perioden. Ser ein på tal tiltak det er løyvd

midlar til i perioden, er det nydyrkning det er flest utbetalingar til. 27 % av tiltaka det er gjeve støtte til, er nydyrkning.

Driftsbygningar utgjer 15 % av tal tiltak, men får 34 % av midlane. Kvar utbetaling til bygningar er mykje større enn for dei andre tiltaka.

Rekneskap frå kommunen viser at det har vore stor variasjon i utbetalingar til landbruket mellom år. I 1992 vart det utbetalt over 2,9 millionar kroner medan det i 1998 berre er registrert vel 1,2 mill. kr. Sjølv om støtta varierer mykje mellom år, er det ein tendens til nedgang i løpet av perioden. Ser ein bort frå 2000, har det vore ein reduksjon i utbetalingane i løpet av tiårsperioden. Trendlinja i Figur 3.2 viser dette.

4 Samanlikning med andre kommunar

For å kunne seie noko om utviklinga i Sirdal samanlikna med andre kommunar, vart det henta inn opplysningar frå statistikken for produksjonstilskot. Det vart henta inn tal for kommunane Sirdal, Åseral, Kvinesdal og Hægebostad for åra 1992, 1994, 1998 og 2001. Både Sirdal og Åseral gjev kommunale tilskot til investeringar i landbruket. I Sirdal vert det løyvd midlar til mjølkekvote utanom den årlege støtta, i Åseral er kjøp av mjølkekvote inkludert i den årlege løyvinga på om lag kr 900 000. Også i Kvinesdal vert det gjeve slike tilskot til ein del investeringar og kjøp av mjølkekvote, men ikkje i same omfang som i Sirdal og i Åseral. I Hægebostad kommune vert det ikkje gjeve investeringstilskot utanom til kjøp av mjølkekvote.

Kvinesdal har flest bruk som mottek produksjonstilskot og størst totalt jordbruksareal. I 1992 var det 239 bruk som mottok produksjonstilskot i kommunen. Hægebostad hadde 161 mottakarar av tilskot i 1992, Sirdal 124 og Åseral 62. Åseral har størst einingar om ein ser på areal fulldyrka jord per bruk, 65 dekar per bruk i 1992 og 103 dekar i 2001. Om ein ser på arealet, er det brukta i Sirdal som er minst. Gjennomsnittsareal per bruk som mottek produksjonstilskot, var 50 dekar i 1992 og 66 dekar i 2001. Eit utdrag av tal frå produksjonstilskotsstatistikken for dei fire kommunane er presentert i Tabell 4.2 og Tabell 4.3 på sidene 15 og 16.

Tabell 4.1 viser kor stor prosentvis endring det har vore for totalt tal bruk, tal bruk med kyr, tal bruk med sau, tal kyr, tal sauer og areal fulldyrka jord i dei fire kommunane. I Sirdal er det prosentvis nokre færre bruk som har gått heilt ut av produksjon enn det er i dei andre kommunane. Åseral, som også gjev kommunal støtte til landbruket, har hatt størst prosentvis nedgang i tal bruk i perioden. Om utviklinga i Sirdal hadde vore ein annan om det ikkje hadde vore communal støtte, kan ein vanskeleg seie noko om ut frå dette materialet.

Både tal kyr og tal sauer er prosentvis redusert meir i Sirdal enn i dei andre kommunane.

Om ein ser på tal dyr per bruk, har det vore ei anna utvikling i Sirdal enn i dei andre kommunane. I Sirdal er tal dyr per bruk, både for bruk med sau og for bruk med kyr, redusert. I alle dei andre tre kommunane har dyretalet auka i gjennomsnitt per eining. Denne utviklinga kan sjølv sagt ha fleire forklaringar, men utbetaling av communal støtte til relativt små einingar som ikkje ville fåttanna offentleg investeringsstøtte, kan vere ei av årsakene til at ein ikkje har hatt ei endring i retning av større bruk i Sirdal.

Tabell 4.1 Prosentvis endring fra 1992–2001

	Sirdal	Åseral	Kvinesdal	Hægebostad
Tal bruk	-13 %	-22 %	-17 %	-20 %
Tal bruk med kyr	-27 %	-33 %	-30 %	-22 %
Tal bruk med sau	-16 %	-26 %	8 %	-17 %
Tal kyr	-28 %	-15 %	-16 %	0 %
Tal sauer > 1 år	-18 %	-9 %	27 %	-12 %
Areal, fulldyrka jord, slatt og beite	16 %	24 %	18 %	6 %

Kjelde: SLF og FMLA Vest-Agder

Alle kommunane har hatt ei auke i areal per eining frå 1992–2001. Her er det Åseral som skil seg frå dei andre kommunane med ein relativt større auke i areal per eining. Det er grunn til å merke seg at det totale arealet fulldyrka jord har auka mykje i dei tre kommunane som har gjeve støtte til nydyrkning, medan Hægebostad, som ikkje gjev tilskot, har ein mindre auke i arealet.

Det er ein kraftig auke i areal med innmarksbeite i alle kommunane. Dette har sannsynlegvis samanheng med tilpassing til regelverket for produksjonstilskot.

Sjølv om utviklinga i dei fire kommunane ikkje har vore heilt lik, kan ein ikkje ut frå denne enkle samanlikninga seie noko sikkert om korleis den kommunale støtta har påverka landbruket i Sirdal, eller korleis utviklinga ville vore for landbruket i Sirdal dersom kommunen ikkje hadde gjeve støtte til landbruket. Ei detaljert samanlikning av dei fire kommunane ville krevje eit breiare datagrunnlag, og ein måtte teke omsyn til andre faktorar som har verka inn på utviklinga i dei fire kommunane. Det har ikkje vore ressursar til å gjennomføre ei slik gransking i samband med denne evalueringa.

Tabell 4.2 Statistikk, produksjonstilskot i jordbruket, kommunane Sirdal og Aseral

	1992	1994	1998	2001	Endring 1992– 2001	Endring i %
Sirdal						
Tal bruk som mottek						
produksjonstillegg	142	151	132	124	-18	-13 %
Tal bruk med kyr	33	37	29	24	-9	-27 %
Tal bruk med sau	122	124	110	102	-20	-16 %
Tal kyr	309	339	281	221	-88	-28 %
Andre storfe	749	732	809	815	66	9 %
Slaktegris	614	732	687	53	-561	-91 %
Sauer > 1 ar	5 321	5 580	5 067	4 383	-938	-18 %
Lam			105	6 592	6 592	
Fulldyrka jord, slatt og beite	7 040	7 905	8 075	8 172	1 132	16 %
Overflatedyrka jord, slatt, beite	827	838	938	826	-1	0 %
Innmarksbeite	2 088	2 958	2 843	3 088	1 000	48 %
Fulldyrka jord pr. bruk, gj.	50	52	61	66	16	33 %
Tal kyr pr. bruk	9	9	10	9	0	-2 %
Sau pr. bruk	44	45	46	43	-1	-1 %
Aseral						
Tal bruk som mottek						
produksjonstillegg	79	78	69	62	-17	-22 %
Tal bruk med kyr	30	28	26	20	-10	-33 %
Tal bruk med sau	54	49	44	40	-14	-26 %
Tal kyr	239	240	239	204	-35	-15 %
Andre storfe	479	444	484	397	-82	-17 %
Slaktegris	1 051	583	234	0	-1 051	-100 %
Sauer > 1 ar	2 598	2 565	2 826	2 358	-240	-9 %
Lam				3 160	3 160	
Fulldyrka jord, slatt og beite	5 152	5 585	6 111	6 400	1 248	24 %
Overflatedyrka jord, slatt, beite	470	271	262	277	-193	-41 %
Innmarksbeite	812	812	1 041	1 986	1 174	145 %
Fulldyrka jord pr. bruk, gj.	65	72	89	103	38	58 %
Tal kyr pr. bruk	8	9	9	10	2	28 %
Sau pr. bruk	48	52	64	59	11	23 %

Kjelde: SLF og FMLA Vest-Agder

Tabell 4.3 Statistikk, produksjonstilskot i jordbruket, kommunane Kvinesdal og Hægebostad

	1992	1994	1998	2001	Endring					
					1992–2001	Endring i %				
Kvinesdal										
Tal bruk som mottek										
produksjonstillegg	239	233	229	199	-40	-17 %				
Tal bruk med kyr	76	73	68	53	-23	-30 %				
Tal bruk med sau	107	121	116	116	9	8 %				
Tal kyr	738	715	726	618	-120	-16 %				
Andre storfe	2 255	2 196	2 821	1 957	-298	-13 %				
Slaktegris	646	856	1 438	364	-282	-44 %				
Sauer > 1 år	4 131	5 045	5 670	5 260	1 129	27 %				
Lam				7 879	7 879					
Fulldyrka jord, slatt og beite	15 068	16 059	17 179	17 823	2 755	18 %				
Overflatedyrka jord, slatt, beite	1 519	1 496	1 234	1 055	-464	-31 %				
Innmarksbeite	1 928	1 854	2 959	3 660	1 732	90 %				
Fulldyrka jord pr. bruk, gj.	63	69	75	90	27	42 %				
Tal kyr pr. bruk	10	10	11	12	2	20 %				
Sau pr. bruk	39	42	49	45	7	17 %				
Hægebostad										
Tal bruk som mottek										
produksjonstillegg	161	154	149	128	-33	-20 %				
Tal bruk med kyr	55	54	50	43	-12	-22 %				
Tal bruk med sau	106	103	96	88	-18	-17 %				
Tal kyr	448	474	455	448	0	0 %				
Andre storfe	1 014	928	1 038	931	-83	-8 %				
Slaktegris	458	368	190	0	-458	-100 %				
Sauer > 1 år	4 306	4 187	4 551	3 798	-508	-12 %				
Lam				5 188	5 188					
Fulldyrka jord, slatt og beite	9 203	9 730	9 972	9 718	515	6 %				
Overflatedyrka jord, slatt, beite	686	721	757	803	117	17 %				
Innmarksbeite	2 692	2 807	3 385	3 604	912	34 %				
Fulldyrka jord pr. bruk, gj.	57	63	67	76	19	33 %				
Tal kyr pr. bruk	8	9	9	10	2	28 %				
Sau pr. bruk	41	41	47	43	3	6 %				

Kjelde: SLF og FMLA Vest-Agder

5 Spørjeundersøking

For å få innsyn i kor viktig dei kommunale midlane til landbruket er for bøndene, vart det i oktober 2002 gjennomført ei spørjeundersøking i Sirdal. Spørjeskjema vart sendt ut til alle som var registrerte som mottakarar av produksjonstilskot i kommunen. I alt vart det sendt ut 116 skjema. Ved svarfrist var det berre 31 innkomne svar, og det vart derfor sendt ut ei ny oppfordring om å svare. Etter at den nye fristen hadde gått ut, var det komme inn 42 skjema. Det gir ein svarprosent på 36,2. Dette er ein lågare svarprosent enn ein kunne ønskt, men dei innkomne svara gir likevel eit godt bilet av kva haldning bøndene har. Etter at svarfristen hadde gått ut kom det inn to skjema til, men desse kom for seint til å bli registrert. Spørjeskjemaet er teke inn som vedlegg.

Ikkje alle som har sendt inn spørjeskjemaet, har svart på alle spørsmåla. Det kan derfor vere avvik mellom totalt registrerte skjema og tal svar på ein del av spørsmåla.

5.1 Generelt om bruken som har svart

Av dei som fekk tilsendt spørjeskjema, var det 12 kvinner. Det utgjer 10,3 % av alle som fekk skjema. Av dei som har svart, var 3 det berre kvinner. Det utgjer 7 % av svara. Med ein så liten del kvinner blant brukarane, har det ikkje vore mogeleg å sjå på om det er skilnader i haldningar mellom kvinner og menn blant bøndene.

Øvre Sirdal og Nedre Sirdal er omtrent likt representert i svarmaterialet, men høvesvis 20 og 22 svar. I 5.5.2 har vi sett på skilnader i svar mellom bønder frå dei to delane av kommunen.

Busetting

Heile 24 gjev opp at det er busett to personar over 18 år på bruket, tre svarer at det er berre ein person over 18 år på bruket. På åtte av brukna er det busett fire eller fleire vaksne. I gjennomsnitt for dei som har svart, er det busett 3 personar over 18 år og 2 under 18 år på bruket. Å oppretthalde busettinga, er eit av hovudmåla kommunen har sett for bruken av dei kommunale tilskota.

Arbeidsplass

Det er 19 som har gjeve opp at det er 1 person som er sysselsett i jordbruket, på 14 bruk er det to som deltek i drifta og på tre bruk er det tre personar som tek del i drifta.

Overskot i jordbruket

Alle som sende inn spørjeskjema, svarte på spørsmålet om kor stort driftsoverskotet frå jordbruket var. Det var fire svaralternativ: Mindre enn kr 0, kr 0–100 000, kr 100 000–200 000 og meir enn kr 200 000. Heile 69 % svarte at dei hadde ei inntekt frå jordbruket som var lågare enn 100 000. Tabell 5.1 viser fordeling av svar.

Tabell 5.1 Fordeling av svar, driftsoverskot i jordbruket

Driftsoverskot i jordbruket	Tal svar
Mindre enn kr 0	3
Kr 0–100 000	26
Kr 100 000–200 000	6
Meir enn kr 200 000	7

Vi bad også om svar på kor stor del av totalinntekta som kom frå jordbruket og kor stor del av samla arbeidsinnsats som vart lagt ned i jordbruket. Også her var det fire svaralternativ: Mindre enn 10 %, 10–25 %, 26–50 % og 51–100 %. På spørsmålet om del av totalinntekt, fordelte svara seg om lag likt på dei fire alternativa. For arbeidsinnsats var det ei meir ujamn fordeling. Fordeling av svara er vist i Tabell 5.2.

Tabell 5.2 Fordeling av svar, totalinntekt og arbeidsinnsats

Landbrukets del av totalinntekta for familien, tal svar	Arbeidsinnsats i jordbruket, familien, tal svar
Mindre enn 10 %	9
10–25 %	13
26–50 %	10
51–100%	10

Dei aller fleste familiene har inntekt utanom bruket. Det er berre ein som har ført opp at jordbruket er einaste inntektskjelda. På sju av brukna kjem all inntekt frå bruket sine ressursar som kombinasjon jordbruk og tilleggsnæring (næringsområde som nyttar bruket sine ressursar). Tabell 5.3 viser kvar dei som har svart, hentar inntekta utanom bruket frå. I alt 23 har kryssa av for at dei berre har lønsinntekt utanom jordbruksinntekta, og 5 har kryssa av for anna næringsinntekt. Resten har ulike kombinasjonar av lønsinntekt, tilleggsnæring og anna næring.

Tabell 5.3 Samansetting av inntekt utanom bruket

Samansetting av inntekt utanom bruket	Tal svar i kvar gruppe
Tilleggsnæring	7
Anna næring	5
Lønsinntekt	23
Tilleggsnæring og anna næring	1
Tilleggsnæring og lønsinntekt	2
Anna næring og lønsinntekt	1
Tilleggsnæring, anna næring og lønsinntekt	2

Tilgang på leigejord og nydyrkning

Eit av formåla det vert gjeve støtte til, er nydyrkning. For å få eit inntrykk av om det er tilgang på leigejord som alternativ til nydyrkning, spurde vi om det var mogeleg å leige jord i nærleiken av bruket. Kva vi meinte med næreliek, vart ikkje definert. Det var derfor opp til den enkelte å vurdere kor lang avstand som kan reknast for «næreliek». Av dei som svarte på dette, var det 21 som meinte det var mogeleg å auke leigearalet. I gjennomsnitt leigde desse bruaka 67 dekar. Det var 20 som svarte at det ikkje er mogeleg å auke leigearalet i nærleiken av bruket. For desse bruaka er eksisterande leigearreal 48 dekar i gjennomsnitt.

Av dei som kan auke leigearalet, er det 9 som svarer at dei har hatt nydyrkning siste 10 åra. I gjennomsnitt har desse dyrka 22 dekar, med variasjon frå 4–50 dekar. For dei som meiner at det ikkje er mogeleg å auke arealet leigd jord, er det også 9 som svarer at det har vore nydyrkning. Gjennomsnittsarealet som er nydyrka er 29 dekar for desse, med variasjon frå 4–80 dekar per bruk.

Arealet som er dyrka i perioden, er i hovudsak fulldyrka. Totalt har dei som har svart, nydyrka 458 dekar. Av dette arealet var 70 % tidlegare skog og myr og 13 % overflatedyrka jord. Resten var utmarksbeite og anna areal.

5.2 Kor viktig er den kommunale støtta til landbruket for bøndene i Sirdal?

For å få eit inntrykk av kor viktig framtidig støtte er for bøndene, bad vi om at dei skulle gradere kor viktig støtta vil vere for ein del forhold. Tabell 5.4 viser korleis svara fordelte seg.

Tabell 5.4 Verknad av framtidig støtte

I kor stor grad vil framtidig kommunal støtte til landbruket verke inn pa:	I stor grad	I liten grad	Vil ikkje verke inn pa
Framtidig produksjon pa bruket	85 %	15 %	0 %
Busetting pa bruket	55 %	40 %	5 %
Interessa for a overta bruket for neste generasjon	85 %	13 %	3 %
Kulturlandskapet og andre kollektive gode i kommunen	73 %	20 %	8 %
Anna næringsliv og busetting i kommunen	75 %	20 %	5 %

Av dei fem punkta, er det særleg spørsmålet om kor viktig framtidig støtte vil vere for busetting på bruket som skil seg ut. For alle dei andre punkta er det meir enn 70 % som meiner at framtidig kommunal støtte til landbruket er svært viktig. For framtidig produksjon

på bruket og for interessa til neste generasjon for å ta over bruket, er det heile 85 % som meiner at framtidig støtte er viktig. Når det gjeld busetting, er det berre 55 % som meiner framtidig kommunal støtte til landbruket i stor grad vil verke inn på busettinga på bruket, medan 40 % meiner at kommunal støtte berre i liten grad er viktig. Samstundes meiner 75 % at kommunal støtte vil vere viktig for anna næringsliv og samla busetting i kommunen.

5.3 Kor viktig har kommunal støtte vore for dei som har fatt utbetalt slik støtte dei siste 10 ara?

5.3.1 Gjennomføring av tiltaka

Alle dei som har fått kommunal støtte til nybygg eller utbetring av driftsbygning i løpet av perioden, har svart at den kommunale støtta var svært viktig for tiltaket. På spørsmål om tiltaket ville blitt gjennomført utan kommunal støtte, er det berre 5 av dei 26 som svarer ja.

For dei andre tiltaka som det vart spurta om, svarte også dei fleste at støtta var svært viktig. Til dømes har berre to av dei som har svart, meint at kommunal støtte til nydyrkning ikkje har vore viktig for gjennomføring av tiltaket. Også for nydyrkning er det fem som svarer at dei ville gjennomført tiltaket utan støtte frå kommunen.

Når det gjeld gjennomføring av tiltaket, skil grøfting seg ut. Av 15 som har svart på dette, er det 11 som ville gjennomført tiltaket utan kommunal støtte.

Det er sju som har svart at dei har fått kommunal støtte til lukking av bekk eller open grøft. Av desse har fem svart at støtta var svært viktig for tiltaket og to at den var litt viktig. Det er berre ein av dei sju som har svart at tiltaket ville blitt gjennomført også utan kommunal støtte.

Vi bad også om at dei som hadde fått støtte til eitt eller fleire tiltak, skulle vurdere om det ville hatt verknad for sysselsettinga på bruket, busetting på bruket og framleis drift dersom tiltaka som har fått kommunal støtte, ikkje hadde blitt gjennomførte. Dette er eit hypotetisk spørsmål – tiltaka er gjennomførte, og det er kanskje vanskeleg å vurdere kva som ville skjedd dersom ein ikkje hadde gjennomført dei. Likevel trur vi svara kan gje eit inntrykk av kor viktige tiltaka har vore for sysselsetting, busetting og drift.

Tabell 5.5 viser kor mange som hadde kryssa av for dei ulike alternativa. Her var det mogeleg å setje fleire kryss for kvar type tiltak. For driftsbygning er det 19 som har kryssa av for at det ville hatt verknad på sysselsettinga på bruket dersom tiltaket ikkje hadde blitt gjennomført, medan berre 10 hadde kryssa av for at det ville hatt konsekvensar for busetting på bruket.

Tabell 5.5 Verknad pa sysselsetting pa bruket, busetting pa bruket og framleis drift dersom tiltaket ikkje hadde blitt gjennomført¹⁾

	Drifts-bygningar	Reiskaps-hus	Nydyrkning	Grøfting	Lukking av bekk eller grøft	Jordbruks-veg
Tal skjema med svar	23	6	12	6	3	8
Sysselsetting pa bruket	19	4	9	5	3	7
Busetting pa bruket	10	2	5	2	1	-
Framleis drift (bruket nedlagt)	17	3	7	4	3	3

1) Det var mogeleg a setje fleire kryss for kvar type tiltak.

5.3.2 Kor viktige har tiltaka vore for produksjonsopplegget på bruket?

Når det gjeld dagens produksjon på bruket, meiner 24 av dei 26 som har bygd ny driftsbygning eller utbetra gamal bygning, at tiltaket har vore svært viktig. Også for alle dei andre typar av tiltak, har dei fleste svart at tiltaket har vore viktig for dagens produksjonsopplegg.

I gjennomsnitt svarer 73 % at dei gjennomførte tiltaka har ført til auka produksjon på bruket. Det er berre for gruppa «Bygging av nytt reiskapshus» at det er fleire som svarer at tiltaket ikkje har ført til auka produksjon enn dei som svarer at det har det.

5.3.3 Arbeidsmiljø

Dei som har hatt tiltak som hører inn under gruppa «Lukking av bekk eller open grøft», meiner i hovudsak at tiltaket ikkje har betra det fysiske arbeidsmiljøet på bruket. For alle dei andre gruppene av tiltak, har fleirtalet svart at tiltaket har ført til ei betring av det fysiske arbeidsmiljøet. For gruppene «Driftsbygningar» og «Bygging av reiskapshus», har alle svart at tiltaket har betra det fysiske arbeidsmiljøet.

5.3.4 Konsekvensar for miljø og kulturlandskap

Av dei 26 som har svart at dei har bygd ny driftsbygning eller utbetra eksisterande bygning, svarer 15 at tiltaket har ført til redusert forureining/avrenning frå bruket. For desse brukta har derfor gjennomføring av tiltaka hatt ein positiv verknad på miljøet. Av dei 15 er det 11 som har svart at dei ikkje ville ha gjennomført tiltaket utan kommunal støtte, men vi veit ikkje kor mange av dei som ville ha redusert produksjonen eller lagt ned drifta dersom tiltaket ikkje hadde vore gjennomført.

Mange av tiltaka har ført til ei endring i bruk av areala. Ser vi på tiltaka nedyrkning, grøfting, lukking og jordbruksveg, er det om lag halvparten som har svart at tiltaket har verka inn på kulturlandskapet.


Vi bad om at dei som hadde hatt tiltak som hadde hatt verknad på kulturlandskapet skulle forklare korleis det var påverka. Ein del av svara som gjekk igjen var:

- Uproduktiv myr er dyrka opp
- Betring av kulturlandskapet ved auka beiting
- Attgrodde areal er rydda.

Sjølv om fleire har hatt tiltak som har ført til omdisponering av areal, er det ingen som har kommentert at tiltaka har hatt negative konsekvensar for kulturlandskapet.

5.4 Ringverknader

For å få eit inntrykk av om tiltaka som er sett i gang, har ringverknader for anna næringsverksemid i Sirdal, bad vi om at det vart kryssa av for korleis tiltaka vart utførte. Figur 5.1 viser ei oversikt over kven som har utført tiltaka. Neste alle har svart at det er lagt ned eigeninnsats, og fleire har også nytta eigen maskin for å gjennomføre tiltaka. Elles er det i stor grad nytta entreprenør/handtverkar frå Sirdal. Her er det eit unntak for driftsbygningar, i mange tilfelle har det vore nytta entreprenør/handtverkar som kjem frå annan kommune enn Sirdal. Mange har kjøpt lokale varer eller tenester i samband med tiltaket, og ein del har også leigd maskin utan fører innan kommunen.



Figur 5.1 Oversikt over kven som har utført tiltaka

5.5 Forskjellar mellom ulike grupper av bruk

For å få vite om bøndene har ulik oppfatning av kor viktig den kommunale støtta til landbruket er, har vi gruppert svara frå spørjeundersøkinga på ulike måtar og sett på korleis dei forskjellige har svart på spørsmål 3.1 i spørjeskjemaet, der vi ber om at ein skal krysse av for i kor stor grad framtidig støtte til landbruket vil verke inn på: Framtidig produksjon på bruket, busetting på bruket, interessa for å overta bruket for neste generasjon, kulturlandskapet og andre kollektive gode i kommunen, anna næringsliv i kommunen. Svaralternativa var: I stor grad, i liten grad, vil ikkje verke inn på. I Tabell 5.4 på side 19 er svara frå alle innkomne skjema presenterte.

5.5.1 Storleik

Vi grupperte bruka etter storleik, bruk mindre enn 100 dekar fulldyrka areal og bruk med meir enn 100 dekar fulldyrka areal. Det er 10 som har svart at dei hadde meir enn 100 dekar fulldyrka areal og 31 som har svart at dei hadde mindre. Ikkje alle hadde svart på spørsmåla, dei oppgjevne tala er rekna ut som prosent av tal svar.

For dei fleste delspørsmåla var det liten skilnad mellom svara for desse gruppene, men på spørsmålet om framtidig produksjon på bruket, svarte 90 % av dei minste bruka at framtidig støtte ville påverke produksjonen i stor grad, medan det var 70 % av dei med størst bruk som svarte dette.

5.5.2 Geografisk plassering

Vi grupperte bruka også etter kor dei ligg i kommunen. Det kom inn om lag like mange svar frå Øvre- og Nedre Sirdal, det er derfor like mange svar som ligg bak tala for begge gruppene. Tabell 5.6 viser kor mange prosent av bruka som har svart at framtidig kommunal støtte til landbruket i Sirdal i stor grad vil verke inn på framtidig produksjon, busetting på bruket, kulturlandskap og anna næringsliv og busetting i kommunen. Tabellen viser at dei frå Nedre Sirdal i større grad meiner at framtidig støtte har stor verdi. Særleg for spørsmålet om busetting på bruket, er det langt fleire i Nedre Sirdal som meiner at framtidig støtte er viktig.

Når det gjeld interessa for neste generasjon for å ta over bruket, er prosentdelen lik for dei to delane av kommunen (sjå Tabell 5.4).

Tabell 5.6 Prosentvis del av bruka som har svart at framtidig kommunal støtte i stor grad vil verke inn på produksjon, busetting med meir

	Framtidig produksjon pa bruket	Busetting pa bruket	Kulturlandskapet og andre kollektive gode	Anna næringsliv og busetting i kommunen
Bruk fra Øvre Sirdal	79 %	37 %	63 %	63 %
Bruk fra Nedre Sirdal	90 %	70 %	80 %	90 %

5.5.3 Alder på brukar

Bruka vart også gruppert etter alder på brukar. Av dei som hadde svart på spørsmålet, var 15 eldre enn 50 år, 16 var mellom 40 og 50 og 11 var yngre enn 40 år. Denne oppdelinga av svar viste berre små skilnader mellom gruppene.

5.6 Oppsummering av dei utfyllande kommentarane fra spørjeskjemaet

På spørsmål om kva for tiltak som er viktigast, er det ulike svar, ofte avhengig av den situasjonen bruket er i. Det er likevel ein del tiltak som skil seg ut.

Svært mange meiner at støtte til driftsbygning er det viktigaste. Nybygg eller større ombygging er ein stor og tung investering, den kommunale støtta vert derfor viktig. Også nydyrkning er det mange som har ført opp. Deretter kjem grøfting og vegar (jord og skog). Dersom svara frå dei som har sendt inn spørjeskjemaet er representative, er det støtte til bygging eller utbetring av driftsbygning og nydyrkning som er dei to viktigaste av dei tiltaka kommunen løyver midlar til.

Det var ikkje så mange som kom med forslag til nye tiltak kommunen burde støtte, men nokre har ført opp at det burde vore kommunal støtte til kulturlandskapspleie. Elles er kjøp av sauehund, brannsikring og miljøplan nemnde som mogelege nye tiltak.

Det er fleire av dei som har gjeve utfyllande kommentarar som har peikt på at det er viktig for jordbruksystemet i Sirdal at ordninga med kommunal støtte held fram. Dagens ordning er viktig for å halde kulturlandskapet i hevd og gjer det lettare for neste generasjon å overta bruket.

Nokre sitat frå kommentarane:

«Tiltaka betyr svært mye. Også tiltaka innen skogbruket.»

«Viktig å ha støtteordninger som går på nybygg/vedlikehold tilbygg, nydyrkning og opparbeiding av kulturbeteite. Er særlig viktig dersom en skal få unge til å overta og drive med jord/skogbruk.»

«Sirdal gir tilskudd til alle gode formål. 1–1,5 mill til jordbruksstøtte er godt anvendte penger, sikrer bosetting infrastruktur og holder kulturlandskapet i hevd. Små bruk er avhengig av kom/stat. overføringer.»

«Viktig med støtteordninger pga dårlig lønnsomhet.»

«Tjener lite uansett, uten tilskudd blir det ikke stort igjen. Det vil gå utover kulturlandskapet.»

«Viktig med kom. tilskudd for å styrke og videreutvikle nåværende bruk.»

«Kommunen bør være kritisk til søknader om støtte. Vurdere om de diverse prosjektene har livets rett. Stille som krav at det medfølger kalkyler over inntjening og realistiske utgifter.»

«Støtte har store ringvirkninger lokalt. Uten tilskudd kunne vi ikke ha kjøpt gården og fikset alle bygninger og jord+beite+gjerder.»

«Viktig at støtte til husdyrkontroll blir opprettholdt, også støtte til avlsarbeid.»

«Dagens ordning bør opprettholdes og fylles opp med midler i forhold til søknadsgrunnlaget. Tilbakemelding til søker tidlig på året (januar).»

«Bør i framtiden sette inn midlene på økt produksjon på de enkelte brukene for å få bruk som vil være i drift framover.»

«Produksjonsomfanget for de fleste er for beskjedent Bør satse på dem som er villige til å satse.»

6 Intervjuundersøking

I tillegg til spørjeundersøking blant alle bønder i Sirdal, vart det gjennomført intervju med eit utval bønder. Desse vart plukka ut etter storleik på motteke tilskot. Også representantar for næringsorganisasjonane (Norges Bondelag og Norsk bonde- og småbrukarlag) vart intervjuat. Dessutan vart det føreteke intervju med representant for reiselivet, Sirdal kommune og med personar som har ulike kommunale verv. Mange av desse representantane dreiv også aktivt landbruk, så svara vil kanskje vere farga av det. I alt 14 personar vart intervjuat i samband med denne undersøkinga som vart utført i oktober 2002.

Formålet med intervjuet var å få fram kva problemstillingar informantane meinte var dei mest sentrale i samband med kommunale tilskot til landbruket i Sirdal. Utvalet av informantar er avgrensa, og vi trur ikkje at alle haldningar og synspunkt er komne fram i denne oppsummeringa av intervjurunden. Likevel trur vi at informantane i kraft av dei posisjonar dei har i landbruksmiljøet i Sirdal, vil gje ein peikepinn på kva rolle den kommunale landbruksstøtta har hatt i Sirdal.

6.1 Oppretthalde/auke landbruksproduksjonen

6.1.1 Korleis har kommunal støtte paverka landbruksproduksjonen i Sirdal?

«Jordbruket i Sirdal er eit mikrojordbruk.»

Dette er eit av sitata frå ein informant i næringa. Mange av informantane var opptekne av at Sirdal er prega av småskalajordbruk med mange små einingar. Det er berre nokre få som lever av jordbruket åleine. Dei fleste av informantane meinte at støtta var avgjerande for framtidig landbruksproduksjon i kommunen. Støtta gjev høve til å auke produksjonen gjennom tilskot og til å utvide produksjonsgrunnlaget. Dei fleste av dei intervjuat bøndene hadde utvida produksjonen i samband med investeringar med kommunal støtte.

«Støtta er alfa og omega for landbruket i Sirdal.», «Det hadde ikkje vore gardsdrift på dette bruket i dag utan kommunal støtte.»

Dette er eit par sitat frå informantane knytta til næringa. Ein informant meinte at den kommunale støtta sementerte ein struktur i landbruket som ikkje er liv laga. Han hevda at

det vert gjeve tilskot til produksjon og bruk som burde vore ute for lenge sidan, og at kommunen motarbeider den sentrale landbrukspolitikken gjennom å gje støtte til slike einingar.

6.1.2 Nyanlegg med kommunal støtte blant informantane

Alle dei intervjua bøndene hadde hatt omfattande nyanlegg i løpet av perioden. Det var også på dette grunnlaget dei var plukka ut. I tillegg hadde nokre av dei hatt fleire prosjekt med kommunal støtte enn det som var opplyst gjennom listene frå kommunen. Av kommunalt støtta prosjekt, hadde 9 av 11 hatt nydyrkning i den aktuelle perioden. Nydyrka areal varierte frå nokre få dekar til 200 dekar. Ti av elleve hadde fått kommunal støtte til driftsbygning. Av andre nyanlegg informantane hadde fått støtte til, var skogs- og/eller jordbruksveg, grøfting og lukking av bekker, kjøp av mjølkekvote og reiskapshus.

6.1.3 Kor viktig har støtta vore for gjennomføring av nyanlegget?

Ved å stille slike spørsmål direkte, er det lett å få eintydig svar om at det var svært viktig. Vi stilte derfor informantane ulike spørsmål rundt emnet om korleis dei hadde handla med eller utan støtte.

«Eg hadde ikkje gjennomført nydyrkninga, og det hadde blitt ein billegare bygning.»

«I mitt tilfelle fekk eg avslag på sentrale midlar, støtta frå kommunen var eit vere eller ikkje vere.»

«Dersom eg ikkje hadde fått støtte, ville eg bygt om driftsbygningen til fire utleige-husvære. Det hadde ikkje vore gardsdrift av det omfanget eg har i dag.»

«Vi hadde ikkje bygt nytta sauheus utan støtte, dyrking og grøfting kom som ein konsekvens av dette. Større besetning medførte større behov for nytta areal. Bruket hadde truleg berre vore buplass med minimal drift i dag dersom vi ikkje hadde fått støtte.»

Blant informantane var det eit gjennomgåande trekk at dei ville ha handla annleis dersom dei ikkje hadde fått communal støtte. Alle påpeika kor viktig den kommunale støtta hadde vore for gjennomføring av større investeringar og utbygging av produksjonen på bruket. Dei fleste ville ikkje gjennomført nydyrkning utan støtte, og utbygging av driftsbygninga hadde blitt utført i eit mindre omfang. Dersom våre informantar er representative for bøndene i kommunen, ville det utan communal støtte vore langt færre einingar i aktiv drift i dag.

6.1.4 Paverknad av dagens produksjon

Alle informantane som dreiv med landbruk, hadde utvida produksjonen etter større investeringar med communal støtte.

«Produksjonen er auka frå 70 til 140 vinterföra sauer. Arealet er auka med 120 dekar.»

«Støtta har påverka produksjonsopplegget mykje, bygt ut for 140 vinterföra sauer. Eg hadde drive berre med turisme i dag, dersom eg ikkje hadde fått støtte.»

Dyretalet er dobla for mange av informantane, og for enkelte mangedobla etter større utbygging i perioden. Dette har igjen medfört auka förbehov og påfølgjande nydyrkning og grøfting.

6.1.5 Rekruttering

Mange stader i landet slit landbruket med dårlig rekruttering. Særleg gjeld dette for mange utkantkommunar. Neste generasjon er ikkje villige til å overta under dei rammevilkåra som møter dei i landbruket i dag. Blant informantane i Sirdal var det stor semje om at støtta påverkar interessa for å overta bruket.

«Neste generasjon har nå bygt hus på bruket. Det var viktig at bruket var bygt ut for at dei skulle slå seg ned her. Alternativet ville vore kommunal tomt på Tonstad.»

«Midlane gjev større interesse for å overta bruket.»

«Den kommunale støtta i Sirdal er positiv for landbruket og for nyrekuttering. Støtta gjev stabile rammevilkår i motesetnad til nasjonal landbrukspolitikk.»

Slik lyder nokre av sitata frå informantane. Ser ein det i høve til spørsmål om busetnad, ville dei fleste overteke bruket også utan støtte. Likevel er støtta eit viktig element for overtaking, i alle høve for mindre bruk og i utkantane.

6.2 Busetting

Eit av hovudmåla med den kommunale støtta til landbruket er å oppretthalde busettinga i alle grender i kommunen. Kva seier informantane til dette? Berre ein av dei spurte svara at bruket hadde vore fråflytt utan støtte.

«Utan den kommunale støtta ville det vore tomme hus til nedfalls her på bruket, det hadde heller ikkje blitt ny generasjon på dette bruket under andre rammevilkår.»

Dei fleste svarte at dei ville budd på bruket likevel, men dei hadde hatt ein annan jordbruksproduksjon. Mange meinte at dei hadde vore ute av næringa, og at bruket dermed berre hadde fungert som buplass. Likevel peika mange på at støtta var viktig for busetnad, særleg i utkantbygdene i kommunen.

6.3 Miljøkonsekvensar

Eit av krava i regelverket for støtte til landbruket er å ta omsyn til natur, miljø og kulturlandskap. Vi har spurt informantane om tiltaka med kommunal støtte har påverka lokal forureining på bruket, fysisk arbeidsmiljø for den enkelte brukaren eller om tiltaka har påverka kulturlandskapet.

6.3.1 Avrenning fra bruket

Seks av dei elleve informantane hadde i løpet av perioden bygt ny driftsbygning. I samband med dette hadde mange også bygt ny gjødselkum og nokre hadde også sett opp nye siloar. Alle desse meinte at dei hadde hatt god miljøeffekt av dette i form av mindre avrenning.

Dei fem andre hevdta at tiltaka dei hadde fått støtte til, hadde liten eller ingen påverknad av miljøet. Ingen av informantane meinte at tiltaka hadde negative konsekvensar for miljøet lokalt.

6.3.2 Arbeidsmiljø

Mange av informantane har bygt nye driftsbygningar i den aktuelle perioden. Dette har på mange måtar endra arbeidstilhøva for den enkelte. Nedanfor er det nokre sitat vedrørende arbeidsmiljøet.

«Eg har fått ein moderne og lettdriven gard, arbeidsmiljøet er blitt mykje betre.»

«Støtta gav meg høve til å kjøpe nødvendig teknisk utstyr slik at eg som har allergi, kan drive bruket vidare. Det er blitt mykje betre arbeidsmiljø.»

«Nytt bygg som er bygt etter forskriftene, har gitt betre arbeidsmiljø.»

Nokre av informantane la vekt på at støtta hadde gitt dei høve til å gjøre litt ekstra på miljø-sida i samband med utbygging.

6.3.3 Kulturlandskapet i kommunen

Sirdal er ein stor reiselivskommune, og kulturlandskapet er ein viktig del av den naturopplevinga turistane møter når dei kjem til Sirdal. Mange av informantane har påpeika dette. Dei fleste bøndene som vart intervjua, påpeikte aktivt jordbruk som eit viktig element for pleie av kulturlandskapet. Attgroing er eit problem der jord er uteleigd. Berre dei beste areala vert hausta, resten gror att med kratt. Nedanfor kjem ein del sitat frå informantane.

«Velstelte bruk er viktig for kulturlandskapet, det verkar forslummande med leigejord.»

«Attgroing er eit stort problem, det går ut over turismen dersom kulturlandskapet gror att, gardsturismen er avhengig av levande bygder.»

«Støtta gjer at ein kan drive meir aktiv landskapspleie i samband med dyrking, ta omsyn til randsonene, estetikk m.m.»

«Støtta gjer at folk vert buande spreidd, dermed tek dei vare på kulturlandskapet og der i gjennom støttar turismen.»

«Viktig med dyrehald for å ta vare på kulturlandskapet. Etter at geitehaldet tok slutt i Sirdal på slutten av 1930-talet, har mykje areal grodd til. Sauen er ein viktig landskapspleiar.»

«Blir folk buande på bruka, er all dyrka jord i drift. Stabil busetnad viktig for å oppretthalde eksisterande kulturlandskap.»

Dei aller fleste peika på at kulturlandskapet er viktig for reiselivsnæringa og at spreidd busetnad og dyrehald er viktige element for å oppretthalde landskapet. Landbruksstøtta har vore eit viktig element for å ta vare på kulturlandskapet i Sirdal.

6.3.4 Kulturlandskapet i høve til eigne tiltak

Sett frå synspunktet til brukarane, er alle inngrepa dei sjølve har gjort i kulturlandskapet positive eller nøytrale. Nydyrkinga har føregått på ulike typer av areal. Skogsmark, gammalt beite, myr og anna mark er blitt dyrka opp med kommunal støtte. Auka dyretal og auka areal dyrka mark har medført eit opnare kulturlandskap.

«Tiltaka har ført til meir beiting som er viktig for å oppretthalde kulturlandskapet. Ein bør satse på førebyggjande tiltak, ikkje reparasjon av øydelagt kulturlandskap.»

«Den kommunale støtta gjer at jorda vert halden i hevd. Kulturlandskapet er avhengig av aktivt jordbruk og beitedyr.»

Ein av informantane var inne på at dyrkinga han hadde utført, kunne vere i konflikt med dei miljøkrava ein har i dag.

«Store areal med myr og våtmark er dyrka opp og har gjort det mogeleg for oss å ha den drifta vi har i dag. Drenering av arealet og fjerning av kantvegetasjon hadde ikkje blitt godkjent i dag»

6.4 Framtidige ønske for den kommunale landbruksstøtta

Alle informantane blant bøndene var som venta positive til den kommunale landbruksstøtta. Vi bad dei rangere dei viktigaste tiltaka dersom ein i framtida fekk trongare rammer i kommunen og måtte prioritere strengare. I tillegg spurte vi etter om det er aktuelle formål som ikkje er dekka av ordningane i dag.

6.4.1 Viktigaste tiltak det vert gjeve støtte til

Åtte av elleve meinte at støtte til driftsbygning er det viktigaste tiltaket. Storleik på investering i bygning gjer at det er nødvendig for mange med ekstra tilskot for å få gjennomført bygginga.

Ein av informantane meinte at dyrking av jord for produksjon av mat, var viktigast. Mangel på dyrka jord vil vere eit problem i framtida. Mange av dei andre hadde også dette med. Å styrke produksjonsgrunnlaget er viktig for dei som har lite areal. Det er lite leigejord å oppdrive i kommunen, og ofte er det därleg jord som ligg langt unna.

Å støtte tiltak for å hindre attgroing er det viktigaste tiltaket var det ein som meinte. Dette kan ein best gjere ved å stimulere til auka husdyrhald og gje kommunale tilskot til alle bruk, også dei små.

Støtte til skogkultur var det mange som nemnde i samband med at statsstøtta fell bort i 2003. I dag (2002) får alle som tilfredsstiller krava, 40 % statsstøtte og 50 % kommunal støtte til skogkultur. Dersom statsstøtta fell bort, vert det kommunale bidraget endå viktigare. Mange var inne på at dersom det skjedde, burde ein auke dette slik at det framleis vart 90 % støtte til skogkultur. Grunngjevinga var at fortenesta på skogsdrift elles ville bli eten opp av plantekostnadene, og at fornying av skogareala ville stoppa opp.

Av andre tiltak som var nemnde, var støtte til bygging av skogsvegar. Mykje hogstmogen planteskog er ikkje tilgjengeleg utan bygging av ny veg. Grøfting for å halde jorda i hevd, var det også ein av informantane som meinte var eit viktig tiltak.

Startstøtte til unge bønder vart også nemnt som svært viktig.

6.4.2 Nye tiltak under støtteordninga

Det vart også spurt etter aktuelle tiltak som ikkje er omfatta av kommunal støtte i dag. Dei fleste meinte at ordninga er god nok. Dei fleste område er dekka, og det er viktig at dei høgast prioriterte oppgåvene er dekka framfor å innføre nye ordningar. Det var fleire som åtvara mot nye tiltak. Nokre få nye ønske kom likevel fram.

«Støtte til gardsturisme bør komme inn. Det bør bli ei vriding av støtta frå tradisjonelt landbruk og over til turisme.» «Utleigehytter bør komme med på tiltak til støtte til landbruket. Stor mangel på overnatningskapasitet i kommunen burde føre høgstandardhytter inn på lista over tiltak med landbruksstøtte.»

Desse to informantane meinte at store deler av kommunen hadde meir å hente ved å stimulere bøndene til å tenke nytt og satse på nye område i tillegg til tradisjonell landbruksdrift.

Auke av kommunal støtte til skogkultur frå 50 % til 90 % vil verte eit nytt aktuelt tiltak dersom statstilskotet på 40 % fell vekk i framtida. Andre forslag som kom fram var støtte til teknisk utstyr, framleis støtte til reiskapshus og auka satsing på startstøtte til unge bønder.

6.5 Ringverknader av støtta for anna næringsliv i kommunen

Ringverknadene av den kommunale landbruksstøtta for anna næringsliv er interessant å kartlegge. Det er vanskeleg å fastslå storleiken på desse, men informantane hadde klare meininger om dette emnet.

«Mykje av midlane vert brukte innan kommunen, mange entreprenørar avhengig av aktiviteten i jordbruket.»

«Ein million i støtte til landbruket gjev kommunen meir att i form av auka aktivitet i kommunen, skattar etc.»

«Eg driv som entreprenør ved sida av gardsdrifta, 80 % av oppdraga er for bønder. Landbruksstøtta gjev stor effekt for anna næringsliv i kommunen, lokale entreprenørar vert stort sett nytta ved dyrking etc.»

«Landbruksstøtta opprettheld busetnad i grendene, dermed er turismen sikra nødvendig arbeidskraft.»

«Turismen er avhengig av arbeidskraft frå landbruket.»

«Lokale entreprenørar har ikkje den kompetansen som skal til på landbruksbygningars, må hente inn fagfolk frå Jæren. Dei lokale interesserer seg berre for hyttebygging.»

Mange av informantane la vekt på alle sideeffekta av landbruksstøtta. Lokale maskinentreprenørar har mykje arbeid for landbruket i for av nydyrkning, grøfting etc. På bygningssida var det imidlertid nokre som nemnde konkurranse med turismen om fagfolk. Reiselivet er avhengig av fastbuande som kan yte nødvendige tenester. Landbruksstøtta tener dermed indirekte turismen.

6.6 Uheldige verknader av kommunal støtte

Dei fleste hadde vanskeleg for å komme med eksempel på uheldige verknader av støtta. Ein del synspunkt kom likevel fram etter ei stund.

«Det er kritiske røyster blant andre yrkesgrupper.»

Dette tyder på at det kan vere ein del misnøye med bruk og med nivå på landbruksstøtta i kommunen. Det var berre ein informant som nemnde dette momentet.

«Det er også litt misunning mellom bønder, nokon får mykje – andre må vente.»

Dette gjekk mest på at nokon vart prioritert framfor andre. Særleg hadde enkelte fokus på at unge bønder vart prioriterte. Dei unge syntest det var bra, medan nokre i den eldste gruppa meinte dette var uheldig praksis.

«Sirdal kommune held liv i små bruk som burde vore nedlagde. Hobbybruk utnyttar systemet i dag. Det burde vore ei grense på 0,5–0,8 årsverk for å få støtte. Det er blitt gjeve støtte til mjølkekvote til alt for små bruk, dei burde ikkje fått. Sirdal kommune går mot sentrale styringssignal i den offisielle landbrukspolitikken.»

Denne informanten vart sterkt oppteken av strukturproblematikken i landbruket i Sirdal. Han kalla Sirdals-jordbruket for eit mikrolandbruk, og meinte det måtte store omstillingar til for å få eit landbruk i Sirdal som var levedyktig i framtida.

Elles så fekk vi nokre eksempel på støtte til tiltak der formålet var endra i høve til søknad. Det var også eksempel på tiltak som hadde vore mislukka.

Fleire var inne på at stønadssummen dei siste åra hadde vore for låg i høve til det behovet som var for støtte. Lang ventetid i kø skapte misnøye. Nokre hadde også merknader til saks-handsaminga i kommunen. Forskjellshandsaming av ulike søkerar, vilkårleg handsaming av ulike personar i kommunen var nemnt som uheldig verknad.

«Nye kostar på kontoret heile tida gjer at kunnskap og kontinuitet vert borte, det fører til tilfeldig handsaming av saker. Nokre bønder søker om støtte i fleire namn.»

Ein nemnde at det hadde vore for lite etterkontroll frå kommunen si side med tanke på å følgje opp og sjekke at stønadsmottakar verkeleg hadde oppfylt dei kriteria som låg til grunn for søknaden. Det hadde vore noko slapt ein periode, men dette hadde betra seg noko den siste tida.

6.7 Andre kommentarar

To av brukarane nemnde at store bruk burde prioriterast og at ein berre burde satse på bruk som er levedyktige i framtida. Desse informantane hadde sjølv relativt store bruk. Langt dei

fleste meinte at alle bruk burde få støtte dersom dei var store nok til å få produksjonstilskot. Små bruk er viktige for busetnad og kulturlandskap var ein gjennomgåande replikk.

«Landbruket betyr mykje for Sirdal. Med 100 årsverk i jordbruket, omfattar dette direkte 3–400 personar av i alt 1 700 innbyggjarar i kommunen. Landbruket er like stort og viktig for kommunen som turismen og kraftproduksjonen.»

Informanten påpeika her kva posisjon landbruket i Sirdal har i høve til dei andre store næringane i kommunen. Det er mange som jobbar direkte i næringa og endå fleire som yter tenester og sel varer til landbruket.

«Eg kan ikkje få fullrost landbrukskontoret i kommunen nok. Dei har stilt opp for meg når eg treng dei både i og utanfor vanleg arbeidstid.»

Denne brukaren var særsla nøgd med oppfølginga frå kommunen. Ikkje alle var like nøgde med den behandlinga dei hadde fått der.

«Det er varierande sakshandsaming ved landbrukskontoret. Det er vanskeleg å nå fram i systemet. Kvar søkjar burde få ein fast sakshandsamar. Det er også særsla viktig med eit enkelt regelverk som hindrar mistolking og ulik handsaming av søkerane.»

Eit synspunkt som kom fram var at eigeninnsatsen i ulike prosjekt det vert søkt støtte for, bør prisast høgare. Dette vil hjelpe på for å nytte ein større del av midlane innan kommunen. Det er vanskeleg å få dokumentert eigeninnsatsen tilstrekkeleg. Denne informanten meinte også at det var for lite kompetanse på landbruksavdelinga i fylket, det hadde vore mykje betre for kommunen å skifte over til Rogaland fylke!

6.8 Synspunkt fra reiselivsnæringa

Reiselivet er ei viktig næring i Sirdal, og på mange måtar utfyller landbruk og reiseliv kvarandre i kommunen. Reiselivet er avhengig av eit attraktivt kulturlandskap og levande bygder. Nødvendige tenester for turismen vert utført av fastbuande som ofte er bønder. Dei har utstyr og kompetanse til å utføre mange etterspurde tenester for reiselivet. Eksempel på dette er snøbrøyting, vedhogst og ulike former for transport.

Landbruket er avhengig av turismen for å skaffe ekstra inntekter til dei mange små driftseiningane. Sal av varer og tenester til reiselivet er ei viktig tilleggsnæring for mange bønder i kommunen.

Representanten for reiselivet var skeptisk til at det er to støtteordningar for næringslivet i Sirdal, kraftfondet og landbruksstøtta. Samordning av alle midlane i eitt fond vil vere betre enn to separate opplegg slik det er i dag. Det er lite kreativitet i forvaltninga, og dette hindrar nytenking. På gardsbruka bør ein stimulere til å gå nye vegar, vere kreativ og satse på framtidsretta aktivitetar og ikkje berre tenke produksjon av tradisjonelle produkt slik det skjer i dag.

6.9 Synspunkt fra administrasjonen i kommunen

Støtta påverkar landbruket og landbruksproduksjonen i Sirdal. Midlane verkar som ein buffer som seinkar nedlegging og fråflytting. Viktig for kommunen å oppretthalde besetningar på 30–40 sauar. Dette medverkar til å ta vare på kulturlandskapet og biologisk mangfald. Det er omlag 124 årsverk i landbruket i Sirdal i dag.

Mange bedrifter elles i kommunen er knytta til turisme, og dessutan det offentlege ein stor arbeidsplass i kommunen i dag. Det er trivsel knytta til landbruket i Sirdal, og det er lett å rekruttere nye bønder. Støtta medverkar sterkt til rekruttering til landbruket, ein veit at ein får ein del av investeringane dekka av kommunale midlar.

Eit viktig mål i kommuneplanen er å oppretthalde landbruket i kommunen. Viktige verke-middel til å oppnå dette er buplikt og støtte til unge bønder. Kommunen støttar landbruket

med små midlar og får stort utbyte av desse. Støtte til landbruket er forbunde med liten risiko samanlikna med andre næringstiltak. Ved å oppretthalde landbruket tek ein vare på kulturlandskapet. Dette er positivt også for andre næringar i kommunen.

Enkelttiltak har hatt uheldige verknader. Det finst eksempel på at store våtmarksområde er dyrka opp utan godkjennning frå kommunen. Ei presisering av regelverket vedteken i oktober 2002, gjev hove til å krevje tilbake tilskot heilt eller delvis, dersom det oppstår forhold som er i strid med regelverket eller brot på tildelingsvilkåra.

Kommunen har vore forsiktig med å betale ut tilskot på førehand til usikre prosjekt. Kommunen har målsetting for kulturlandskapet. Område med stor kulturlandskaps- og kulturhistorisk verdi skal kartleggjast, og det vert sett inn områdetiltak i enkelte av desse områda.

Det er ein påstand frå enkelte om at store tilskot stagnerer kreativiteten. Denne myten er slegen i hel i Sirdal. Kommunen ligg på fjerdeplass på gründertoppen i Noreg. I kommunen er det eit aktivt miljø med nyskaping og etablering av nye verksemder. Innan landbruket og særleg i næringsorganisasjonane for landbruket, har det vore for lita interesse for å få til utvikling av tilleggsnæringar. Småskalaproduksjon av foredla matvarer og liknande satsingsområde sentralt, har ikkje hatt særleg gjennomslag blant bøndene i Sirdal. Det finst heller ikkje felles-tiltak i kommunen. Det har vore ei samdrift innan mjølkeproduksjon, men denne er no oppløyst.

Splid og konfliktar går mest på hyttebygging og vegbygging. Det har vore enkelte saker der det har vore søkt om kommunal støtte til landbruks- eller skogsveg, og denne er så blitt tilkomstveg til hyttefelt i staden.

6.10 Eigne kommentarar

I tillegg til alt som er komme fram i intervjua, vil vi leggje til at det er viktig for ein kommune som satsar på reiseliv, å presentere seg godt for dei tilreisande. Førsteintrykk frå vakre bygder er viktig. Enkelte stader i kommunen er det lagt lite vekt på dette med byggeskikk og velstelte gardstun. Ved sida av nye, fine driftsbygningar stod ofte den gamle bygningen til nedfalls. Det er også fleire døme på våningshus og andre bygningar i därleg forfatning på enkelte gardstun. Ingen av dei intervjua har kommentert dette, men vi meiner at det kan vere eit område å prioritere i framtida.

7 Oppsummering og konklusjon

I dette kapittelet vil vi i stikkordsform gje ei oppsummering av hovudpunktene i rapporten og komme med ein kort konklusjon og forslag til strategiar framover.

7.1 Landbruksproduksjon i kommunen

- Det er fleire bruk med aktiv landbruksproduksjon i dag enn det ville vore om det ikkje hadde vore kommunal støtte i perioden.
- Støtta er viktig for landbruksproduksjonen i kommunen.
- Støtta er viktigare for små bruk enn for store bruk.
- Fleire i Nedre- enn i Øvre Sirdal meiner at støtta betyr mykje for framtidig produksjon.
- Færre driftseiningar i avgang siste tiåret i Sirdal enn i kommunar ein har samanlikna med.
- Driftsbygning og nydyrkning er dei viktigaste tiltaksområda som får støtte.
- Ingen har vurdert støtte til planering eller lukking av grøfter som viktig.
- Støtte til skogkultur er nemnt av svært mange som viktig etter bortfall av statleg tilskot.

7.2 Busetting i kommunen

- Støtta betyr ikkje så mykje for busetting som for landbruksproduksjon.
- Andre faktorar enn kommunal støtte er viktigare for busetting.
- Støtta betyr meir for busetting i nedre deler av kommunen enn i øvre.
- Støtta er viktigare for busetting i utkantgrendene enn i meir sentrale område.

7.3 Unge bønder/rekruttering

- Startstøtte for unge bønder er eit viktig tiltak for rekruttering av nye brukarar.
- 85 % meinte at landbruksstøtta i stor grad vil påverke rekrutteringa til næringa.
- Kan påverke interesse for tilbakeflytting til kommunen for personar som har flytta ut.

7.4 Natur, miljø og kulturlandskap

- Landbruksproduksjon viktig for å ta vare på kulturlandskapet.
- Levande bygder og vakkert kulturlandskap er viktig for reiselivsnæringa.
- Nydyrkning kan komme i konflikt med miljøomsyn.

7.5 Ringverknader

- Ein vesentleg del av tilskotsmidlane vert brukt til kjøp av varer og tenester innan kommunen.
- Undersøkingar frå andre bygder viser multiplikatoreffekt på 1,4–1,8 på inntekt og 1,2–1,6 på sysselsetting for aktivitet i landbruket.
- Reiselivet får tilgang på varer og tenester gjennom landbruksproduksjon og busetting i grendene.

7.6 Konklusjon og forslag til strategi framover for kommunen

Sirdal kommune har i stor grad oppnådd dei fleste målsettingane med landbruksstøtta, sjølv om støtta til landbruket er viktigare for å oppretthalde drift på bruka enn for å oppretthalde busetting.

Samanlikninga med andre kommunar gav ikkje nokon klare svar, men både spørjeundersøkinga og intervjuia stadfestar at støtta er viktig for landbruket og vil også vere det i tida framover med tanke på landbruksproduksjon, busetting og rekruttering til næringa.

Både svar frå spørjeundersøkinga og djupneintervjuva viser at bøndene oppfattar tilskot til driftsbygning som svært viktig. Bygging av ny driftsbygning eller utbetring av gammal bygning er ei stor investering, særleg for små bruk der det ikkje er mogeleg å auke produksjonen vesentleg. Mange av bruka som har fått støtte til driftsbygning, har ikkje fått midlar til driftsutbygging frå SND, og truleg ville ein del av desse bruka vore nedlagde som driftseiningar. Framleis støtte til bygging/utbetring av driftsbygningar vil derfor vere viktig for å oppretthalde drift på mange bruk.

Også tilskot til nydyrkning har vore viktig for mange. Auka areal har styrka driftsgrunnlaget, og har truleg gjort at mange har satsa på framleis drift av bruket. Nydyrkning er eit tiltak som vil vere viktig for drift på mange bruk også i framtida. Ein bør likevel vurdere om det kan vere mogeleg å erstatta noko av nydyrkninga med leigejord, slik at ein held i hevd eksisterande areal før ein godkjener nye dyrkingsprosjekt. Det bør også stillast strenge krav til planlegging og til at godkjende planar vert følgde, slik at ein unngår å komme i konflikt med miljøomsyn.

Mange, både av dei som svarte på spørjeskjemaet og av dei som vart intervjuat, peika på at tilskot til skogkultur er svært viktig dersom ein skal oppretthalde aktiviteten i skogen etter bortfall av statlege tilskot. Tilskot til skogkultur har ikkje vore vurdert i denne evalueringa, og det var ikkje spørsmål om skogkultur i spørjeskjemaet eller i intervjuguiden som vart følgt

under djupneintervjuia. Når likevel ein stor del av dei som har svart, har nemnt nettopp skogkultur, finn vi grunn til å ta med dette tiltaket som eit av dei som vil vere viktige for framtidig skogbruk i Sirdal.

Lukking av bekker og planering er nokre av dei eksisterande tiltaka som både informantane og dei som har svart på spørjeskjemaet, har vurdert som mindre viktig for drifta. Dette er også tiltak som kan komme i konflikt med miljøomsyn. Desse tiltaka kan ein truleg fjerne frå tiltakslista utan at det får store konsekvensar for jordbruket i Sirdal.

Gardsturisme vil vere eit viktig satsingsområde i Sirdal framover. Dette kan styrke næringsgrunnlaget på mindre bruk og vere med på å sikre eksisterande og auke busetting i grendene i kommunen. Sirdal har rike utmarksressursar som er viktige med tanke på reiselivsnæringa. Fleire informantar meinte at landbruksstøtta også burde femne om tiltak innan gardsturisme.

Nasjonale satsingsområde innan landbruket som foredling av ressursane på bruket, fellestiltak som samdrifter, maskinsamarbeid m.m., er lite utbreidde i Sirdal. I ein kommune med mange små driftseiningar, vil det vere svært fornuftig å stimulere til denne type tiltak for nå målsettingane om framleis drift og busetting på bruka.

I ein kommune som satsar på turisme og reiseliv, er det viktig at ein kan presentere levande bygder og eit kulturlandskap som er halde i hevd. Også byggeskikk og velstelte bygningar og gardstun er viktig for korleis kommunen presenterer seg for turistane. I samband med eventuell framtidig støtte til landbruket i Sirdal, bør ein vurdere å legge vekt også på byggeskikk og tunplanlegging.

Kort oppsummert meiner vi derfor at viktige strategiar for kommunen framover kan vere:

- Prioritere støtte til driftsbygningar og nydyrkning (der det ikkje er tilgang på leigejord).
- Bør vurdere leigejord eller kjøp av tilleggsjord for å halde i hevd eksisterande areal, som alternativ ved nye dyrkingsprosjekt.
- Vurdere støttenivået til skogkultur på nytt etter bortfall av statleg støtte.
- Tone ned prioritering av tiltak som ikkje er vurdert som viktige av brukarane (lukking av bekker, planering).
- Vurdere tiltak som går på gardsturisme opp mot landbruksstøtta.
- Satse meir på tiltak som er nasjonale satsingsområde (fellestiltak, foredling m.m.).
- Vurdere tiltak som går på byggeskikk og tunplanlegging.
- Kommunen bør etterprøve betre om vilkåra for tilskot er følgde og om prosjektet er i tråd med løvvina.

Litteratur

Fagerås, E., Hoffmann, J. og Romarheim H., 1976. *Økonomiske ringvirkninger i bygdesamfunnet. Betydning av landbruket og landbruksforedlingsindustri.* Norges landbrukshøgskole, institutt for driftslære og landbruksøkonomi, memorandum nr 73. Institutt for skogøkonomi og Norges landbruksøkonomiske institutt. Ås-NLH/Oslo 1976.

Fylkesmannen i Vest-Agder, landbruksavdelinga. Statistikk over driftsenheter, dyretall og areal for 1992 og 1994 på kommunenivå.

Romarheim, H. 2002. Upubl. *En kort vurdering av sysselsetting og inntekt i Alstadhaug kommune med særlig vekt på primærnæringene.* Ås 2002.

Statistisk sentralbyrå. *Jordbruksstelling 1999.* Oslo/Kongsvinger 2001.

Statens landbruksforvaltning. Produksjonstilskotsregisteret. Statistikk over driftsenheter, dyretall og areal for 1998 og 2001 på kommunenivå.

Vedlegg 1 Skjema fra spørjeundersøkinga

*Sporreundersøkelse utført av Norsk institutt for
landbruksøkonomisk forskning (NILF), oktober 2002*



Kommunal støtte til landbruket i Sirdal

1 Generelle opplysninger om bruker, familien og bruket

1.1 Fødselsår, bruker

1.2 Kjønn: Kvinne Mann

1.3 Sivilstand: Gift/samboer Ugift/skilt

1.4 Når ble bruket overtatt, årstall

1.5 Når er neste eierskifte planlagt?

Om 1-5 år

Om mer enn 5 år

Det er ingen til å ta over bruket

1.6 Ligger bruket i Øvre- eller Nedre Sirdal?

Øvre Sirdal

Nedre Sirdal

1.7 Hvor mange har bruket som bosted?

Antall personer over 18 år Antall personer under 18 år

1.8 Hvor mange har bruket som arbeidsplass?

1.9 Hvis bruker og/eller ektefelle/samboer har inntekt utenom bruket, kommer den fra (flere kryss mulig):

(tilleggsnæring er næringsinntekt som stammer fra ressurser på bruket (for eksempel leiekjøring med brukets maskiner, gardsturisme, steinbrudd), annen næring er næringsinntekt som ikke har tilknytning til bruket)

Tilleggsnæring

Annen næring

Lønnsinntekt

1.10 Hvor stor del av familiens totale inntekt kommer fra jordbruk og skogbruk?

Mindre enn 10%

10-25%

26-50%

51-100%

1.11 Hvor stor del av familiens arbeidsinnsats blir lagt ned på bruket?

Mindre enn 10%

10-25%

26-50%

51-100%

1.12 Hvor stort var overskuddet i jordbruket i 2001 (jfr. post 459 på næringsoppgaven)?

- | | |
|--------------------|--------------------------|
| Mindre enn kr 0 | <input type="checkbox"/> |
| Kr 0-100 000 | <input type="checkbox"/> |
| Kr 100 000-200 000 | <input type="checkbox"/> |
| Mer enn kr 200 000 | <input type="checkbox"/> |

2 Opplysninger om brukets ressurser

2.1 Opplysninger om arealet, også leiejord

Fulddyrka areal, grovfôr	Antall dekar	<input type="checkbox"/>
Fulddyrka areal, poteter og grønnsaker	Antall dekar	<input type="checkbox"/>
Fulddyrka areal, annet	Antall dekar	<input type="checkbox"/>
Beite på innmark	Antall dekar	<input type="checkbox"/>
Utmark og skog	Antall dekar	<input type="checkbox"/>

2.2 Hvis bruket leier jord, hvor stort arealet?

Antall dekar

2.3 Er det mulig å leie jord/øke arealet leid jord i nærheten av bruket?

- | | |
|-----|--------------------------|
| Ja | <input type="checkbox"/> |
| Nei | <input type="checkbox"/> |

2.4 Hvor stor avstand er det mellom bruket og eventuell leiejord? km

2.5 Opplysninger om husdyrproduksjon på bruket

Oppgi antall dyr ved siste telling	
Mjølkekyr	<input type="checkbox"/>
Ammekyr	<input type="checkbox"/>
Ungdyr og okser	<input type="checkbox"/>
Vinterfôra sauер	<input type="checkbox"/>
Andre sauere og lam	<input type="checkbox"/>
Avlsgriser	<input type="checkbox"/>
Smågris og slaktegris	<input type="checkbox"/>
Høner	<input type="checkbox"/>
Andre fjørfe	<input type="checkbox"/>
Hester	<input type="checkbox"/>
Andre	<input type="checkbox"/>

2.6 Hvis det drives tilleggsnæring på bruket, hva slags tilleggsnæring?

(tilleggsnæring er næringsinntekt som stammer fra ressurser på bruket, for eksempel leiekjøring med brukets maskiner, gardsturisme, steinbrudd m.m.)

3 Generelle spørsmål om ordningen med kommunal støtte til landbruket i Sirdal

Etter regelverket for kommunal støtte til landbruket i Sirdal kommune (av 15.06.00), kan det gis støtte til følgende tiltak i jordbruket: Driftsbygninger, redskapshus, nydyrkning, grøfting, opparbeiding av kulturbeite, lukking og senkingsarbeid, landbruksv

3.1 I hvilken grad vil fremtidig kommunal støtte til landbruket påvirke:

	I stor grad	I liten grad	Vil ikke påvirke
Framtidig produksjon på bruket	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Bosetting på bruket	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Interessen for å overta bruket for neste generasjon	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kulturlandskapet og andre kollektive goder i kommunen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Øvrig næringsliv og bosetting i kommunen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

4 Opplysninger om nyanlegg i jordbruket i perioden 1990-2001

4.1 Hvis det er utført nyanlegg i perioden, hvilken type nyanlegg?

	Antall tiltak		Antall tiltak
Nydyrkning	<input type="checkbox"/>	Nybygg, driftsbygning	<input type="checkbox"/>
Grøfting	<input type="checkbox"/>	Tilbygg eller opprustning av driftsbygning	<input type="checkbox"/>
Lukking av bekk eller åpen grøft	<input type="checkbox"/>	Nybygg, redskapshus	<input type="checkbox"/>
Opparbeiding av kulturbeite	<input type="checkbox"/>	Annet	<input type="checkbox"/>
Jordbruksvei	<input type="checkbox"/>	Annet	<input type="checkbox"/>

4.2 Hvor mange ganger er det utbetalt kommunal støtte til nyanlegg i perioden?

Oppgi antall ganger

4.3 Hvor mye er det totalt utbetalte av kommunal støtte til nyanlegget/nyanleggene?

Beløp kr

4.4 Ble det gitt annen offentlig støtte/tilskudd til nyanlegg som har fått kommunal støtte?

Ja Beløp kr
 Nei

Hvis ja: Fra hvem?

5 Spørsmål om tiltak som har fått kommunal støtte

I de neste spørsmålene ber vi om at det blir gitt en vurdering av hvor viktig ordningen med kommunal støtte til landbruket i Sirdal er/har vært for gjennomføringen av ulike grupper av tiltak. Dersom det er flere tiltak innen hver gruppe, ber vi om at det

	Drifts- bygninger (nybygg/ tilbygg/ utbedring)	Bygging av redskaps- hus	Nydrking	Grøfting	Lukking av bekk eller åpen grøft	Jordbruks- vei	Annet tiltak
5.1 Hvor viktig var den kommunale støtten for gjennomføringen av tiltaket?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Svært viktig	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Litt viktig	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Ingen betydning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
5.2 Hvor viktig har tiltaket vært for dagens produksjonsopplegg?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Svært viktig	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Litt viktig	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Ingen betydning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
5.3 Har tiltaket ført til en økning i produksjonen?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Ja	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Nei	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
5.4 Ville tiltaket blitt gjennomført også uten bruk av kommunal støtte?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Ja	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Nei	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
5.5 Har tiltaket ført til redusert forurensning/avrenning fra bruket?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Ja	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Nei	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
5.6 Har tiltaket ført til at det fysiske arbeidsmiljøet på bruket er bedret?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Ja	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Nei	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
5.7 Har tiltaket ført til endret bruk av arealet?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Ja	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Nei	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
5.8 Har tiltaket påvirket kulturlandskapet?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Ja	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Nei	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

- 5.9 Hvis ett eller flere av tiltakene har påvirket kulturlandskapet: Beskriv kort hvordan kulturlandskapet er påvirket.
-
-

	Drifts-bygninger (nybygg/ tilbygg/ utbedring)	Bygging av redskaps-hus	Nydyrkning	Grøfting	Lukking av bekk eller åpen grøft	Jordbruks-vei	Annet tiltak
5.10 Hvis tiltaket ikke hadde blitt gjennomført, ville det hatt betydning for: (Flere kryss mulig for hver kolonne)							
Sysselset-ting på bruket	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Bosetting på bruket	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fortsatt drift (bruket nedlagt)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
5.11 Er tiltaket utført ved hjelp av: (Flere kryss mulig for hver kolonne)							
Egeninnsats	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Entreprenør/håndverker fra Sirdal	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Leie av maskiner (u/fører) i Sirdal	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kjøp av lokale varer/tjenester	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Entreprenør/håndverker utenfor Sirdal	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Leie av maskiner (u/fører) utenfor Sirdal	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

6 Spørsmål knyttet til nydyrkning

Dersom det har vært utbetalt kommunal støtte til nydyrkning, ber vi om at spørsmålene 6.1-6.3 besvares. Hvis ikke: Gå til spørsmål 7.

6.1 Er arealet

- Fulldyrka
Overflatedyrka/beite

6.2 Hvor stort areal er nydyrket?

Oppgi antall dekar: dekar

6.3 Arealet som er nydyrket var tidligere:

- Utmarksbeite
Overflatedyrka jord
Skog
Myr
.....
.....

7 Utfyllende kommentarer til bruk av kommunal støtte til landbruket i Sirdal

7.2 Hvilke av de tiltakene som får kommunal støtte i dag er viktigst? (Se pkt. 3)

7.1 Er det tiltak som i dag ikke får kommunal støtte som burde komme inn under ordningen? (Se pkt.3)

7.3 Utfyllende kommentarer
